

Referat frå styremøte i Vestfold sau og geit på Teams mandag 21. november kl. 19:30 – 21:30

Sak 36/2022 **Innkalling og sakliste godkjent**

Sak 37/2022 **Referatsaker.**

- Referat frå styremøte 22 oktober - gjennomgått
- Referat frå dialogmøte 4 november. – tatt til orientering
- Høstmøte- Relativt bra oppmøte. Nye fjes og engasjert foredragsholder.
- Planlegging av Teams-møte for sentralt tillitsvalte. 29. november.
Lite av Vestfold sau og geit sine innspel til program. Agenda på møte blir: Informasjon frå Totalmarked, Informasjon frå fylkeslaga, Grytten-rapporten og Jordbrukstingingane 2023.

Sak 38/2022 **Organisasjonsmessig høring vedr. NOU 2022: 14 Inntektsmåling i jordbruket.**

Fylkeslaga har fått ein gjennomgang av Grytten-rapporten på Teams. Synes likevel vanskeleg å klare å forstå ein slik rapport.

- Skille mellom lønn og eigenkapital.
- Det reelle behovet bør synleggjerast ved å auke lønn og avkastning til kapital
- Mange ting som kompliserer. Jordbruket er mangfoldig.
- Spørsmål kring timetall og årsverk
- Overordna. Synleggjere avkastning på kapital.

Vestfold sau og geit overlet høyringa til NSG som har kompetanse til å sette seg inn i problematikken.

Dette brev vert sendt NSG.

VSG har ingen spesifikke oppfatninger om innholdet i rapporten.

VSG vil derfor understreke alvoret i matforsyningen innenlands og i hele landet. VSG vil derfor poengtere at den beslutningen som tas vil få varige konsekvenser for landbruket.

Eventuelle landbruksbedrifter som går ut av drift vil med stor sannsynlighet ikke komme i gang igjen. Mye av arealene blir ofte drevet videre, men da som del av et større bruk der det fortsatt er driftsgunnlag.

Der skiftene blir for små, og driften er for kostbar, vil mye areal gå ut av drift. Dette vil ha betydning for norsk matsikkerhet i svært lang tid. Det tar 4-5 år og øke en storfeproduksjon, 3 – 4 år å øke en småfeproduksjon. Begge produksjoner er en telefon unna å bli nedlagt.

Sak 39/2022 **Brev frå valkomiteen i Norsk sau og geit.**

Vestfold sau og geit er oppatt av rullering av styremedlemmer. Organisasjonen treng nytenking for å halde engasjementet oppe.

Valkomiteen bør sjå etter eit styremedlem med kompetanse på organisasjonsarbeid. Kandidaten bør også ha tid og krefter å bruke på organisasjonen.

Vestfold sau og geit er ikkje så opptatt av geografisk opprinnelse.

Vestfold sau og geit har ikkje konkrete forslag på kandidat.

Torhild sender brevet.

Sak 40/2022 **Planlegging av årsmøte.**

Hjå Tore Felin 14 februar 2023

Tore planlegg årsmøtemiddag av sau/lam.

Tore kjem tilbake med forslag til møte-innhald.

Saklista til årsmøte er satt i henhold til lagslovene.

Påmelding innan 1. februar.

Sak 41/2022 **Drone.** Førar av drone må ha kurs. Pr. i dag er det ingen i VSG som har.

Sak 42/2022 **Kosenissespisemøte.**

i Hjartdal hjå Torhild 5 januar 2023.

Bidrag til årsmeldinga har frist 15 januar.

Gaute- kåring

Lars Bjarne – generell del

Åsne- Web-sida

Årsmelding frå gjetarhundnemda. Ta kontakt med leiar.

Sak 43/2022 **Eventuelt**

- Oppnemning av råd og nemder.
 - Forslag. Avlsrådet Torhild Sisjord
- Instruks for sentrale råd. Styremedlemmane gjeng gjennom og gjev sine innspel til Lars Bjarne.
- Oppdatering Brønnøysund skjer umiddelbart etter årsmøte. Ansvar Torstein.
- Brev til valkomiteen må sendes ut. Ansvar Torhild